

U 29-07 Høyering. Forslag til revidert lov om havner og farvann m.v.

Behandling i Fylkesutvalet - 26.03.2007

Saka vart samrøystes utsett til 27. mars, slik at samferdselsutvalet først fekk høve til å behandle den i sitt ekstraordinære møte 26. mars.

Behandling i Fylkesutvalet - 27.03.2007

Utskrift av protokoll frå møte i samferdselsutvalet 26.03.2006 var delt ut i møtet.

Oddbjørn Vatne fremma følgjande forslag:

"Nytt punkt 4 og 5:

4. Fri prising i staden for hamneavgift vil føre til uheldige konsekvensar, ma bortfall av mulegheit til sjøpant og tilbakehalding av skip. Det vil og føre til meir press for ulik behandling av brukarar av hamnene.
5. Ein vil halde fast på ordninga med hamnekasser. Dette ma for å hindre at brukarar av hamnene finansierer andre delar av kommunal drift. Ein vil også peike på at dagens ordning ikkje hindrar private i å investere i hamnene."

Votering:

Punkt 1 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaget frå samferdselsutvalet vart samrøystes vedteke som tillegg til punkt 1.

Punkt 2 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ votering mellom punkt 4 i samferdselsutvalet si tilråding og Vatne sitt forslag til nytt punkt 4, vart Vatne sitt forslag vedteke med 7 mot 5 røyster.

Ved alternativ votering mellom punkt 5 i samferdselsutvalet si tilråding og Vatne sitt forslag til nytt punkt 5, vart Vatne sitt forslag vedteke med 7 mot 5 røyster.

Punkt 6 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 7 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Punkt 8 i samferdselsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fylkesutvalet - 27.03.2007

1. Møre og Romsdal fylke støttar føremålet med det nye lovforslaget (§1-1), og viser elles til felles høyringsuttalelse frå Kristiansund og Nordmøre Havn IKS, Molde og Romsdal Havn IKS og Ålesundregionens Havnevesen og sluttar seg til desse.
2. Møre og Romsdal fylke er i utgangspunktet positiv til at ansvar og mynde i høve til hamne- og farvannsloven blir gjort obligatorisk for kommunane. Derimot saknar vi ei nærare klarlegging av kva konsekvensar (økonomiske, personellmessige, tryggleiksmessige, osv) dette vil kunne få for kommunane og for hamnene. Vi tar for gitt at ei slik omlegging ikkje skal medføre ekstraavgifter for kommunane.
3. Møre og Romsdal fylke etterlyser ein klarare samanheng mellom omgrepsbruken i lovforslaget og Nasjonal Transportplan (stamnettutgreinga). Vi tar for gitt at hamnestrukturen (inkludert utpeiking av nasjonalhamner/stamnettshamner) skjer som ein del av arbeidet med Nasjonal Transportplan.

4. Fri prising i staden for hamneavgift vil føre til uheldige konsekvensar, ma bortfall av mulegheit til sjøpant og tilbakehalding av skip. Det vil og føre til meir press for ulik behandling av brukarar av hamnene.
5. Ein vil halde fast på ordninga med hamnekasser. Dette ma for å hindre at brukarar av hamnene finansierer andre delar av kommunal drift. Ein vil også peike på at dagens ordning ikkje hindrar private i å investere i hamnene.
6. Møre og Romsdal fylke er positiv til den føreslåtte endringa i plan- og bygningslova, som gir staten/Kystverket høve til å starte planlegging i hamner og farleder.
7. Møre og Romsdal fylke krev at lovforslaget blir sendt ut på ei ny høyring ved eit seinare høve, og då særleg med tanke på dei delane av forslaget som departementet enno ikkje har klare tilrådingar på. Dette inkluderer og ei nærare klargjering og ev begrensing av adgangen til å utarbeide forskrifter i medhald av lova.
8. Møre og Romsdal fylke viser til konklusjonane i fellesuttalen frå dei 3 interkommunale havneselskapa i fylket, og støttar følgjande punkt; 3, 4, 5, 8 og 9.